

# PEDAGOGIKK OG STRATEGI I SKULE OG BARNEHAGE

FELLES MÅL OG VERDIAR I BARNEHAGE OG SKULE

2016 – 2020

FOKUSOMRÅDE

Forskningsbasert praksis

Læringsutbytte

Kompetanse

Samhandling

# FORORD

## Fokusområde

Denne planen skal gi eit oversyn over dei satsingane som går føre seg i Vindafjordskulen akkurat nå, kva pedagogikk som ligg bak – og kva me ser for oss å arbeida med av læringsfremjande tiltak i planperioden. Planen har vore på høyring, og er utarbeida av UDF, 3 rektorar og skulerådgjevar.

Opplæringslova, forskriftene og Kunnskapsløftet gjev skulen eit oppdrag å utføra. Meld. St. 16: «Og ingen sto igjen», Meld. St. 31: «Kvalitet i skolen», Meld. St. 18: «Læring og fellesskap» og Meld. St. 22: «Motivasjon- meistring-mogelegheiter» er og ein del av oppdragsbiletet. Dessutan er Ludvigsenutvalet si offentlege utreiing «Elevenes læring i fremtidens skole» med på å danna perspektiv for framtida. Det er i perioden også andre nasjonale satsingar i regi av Udir : «Språk-, lese- og skrivestrategi» (2015-19), «Kompetanse for mangfold» (2013-17), «Kompetanse for kvalitet» (2015-25), «Realfagsstrategi» (2015-19) og satsing på tilpassa opplæring.

Skulen sitt planverk for fag og for faga sine målsetjingar er viktig for elevane sitt læringsutbytte, men kompetanse er meir enn fag – det må og omfatta eleven sine personlege eigenskapar.

Me har eit ansvar for å senda frå oss «ganglege og sjølvstendige menneske» og forsking fortel oss at fokus på «allmenndanning» gjev gode resultat. Eigenskapar som sosial og emosjonell kompetanse heng nøye saman med læring og er heilt naudsynte kompetansar for å kunne meistra skule og arbeidsliv (og privatliv) i framtida.

Kvalifikasjonskrava for å lukkast eit samfunn i stadig utvikling fører med seg at det stadig er naudsynt å spørja seg om ein er på rett veg, både når det gjeld fagleg innhald og i praksis. Å laga analyser for finna ut kor ein er og bestemma seg for kor ein skal, treng ikkje å by på dei største utfordingane – men å koma dit er krevjande, og det tek tid.

Skuleutvikling utfordrar leiing, samhandling, opplæring, organisering og ikkje minst vilje til endring.

Satsingsområda våre; «Vurdering for læring», «Ungdomstrinn i utvikling» og «Haugalandsløftet» vil bli forklart på dei neste sidene – og me er overtydde om at desse satsingane er gode for å fornya undervisningspraksis og for auka elvane sine kvalifikasjoner. Og dei er i takt med framtida, trur me. Satsingane er statsstøtta, og er formelt over før denne planperioden er omme, men skal dei ha effekt må satsingane halda fram lenge etter dette.

## Pedagogikk og strategi – som overordna plan for Vindafjordskulen («Strategiplan»)

Kommunestyret er den formelle eigaren av skulane i Vindafjord, den såkalla «skuleeigaren». Skuleeigar vedtek skulane sine budsjetttrammer og dei overordna visjonane og måla. Forankring hjå skuleeigar er svært viktig for at endringar skal kunne gjennomførast – sjølvsagt med tanke på økonomi, men ikkje minst i forhold til motivasjon for oss som arbeider der.

Strategiplanen har fokusområde og mål og – og viser korleis Vindafjordskulen arbeider for å nå desse. I perioden vil fokus vera på elevane sitt læringsutbytte, deira kompetanse som borgarar og at samhandling på alle nivå er naudsynt for å nå mål. Praksis i klasseromma skal byggja på kva forskinga i dag og i framtida set som suksesskriterier for god undervisning.

For at satsinga skal bli effektiv ønskjer me at måla skuleeigar set for økonomiplanperioden skal samanfalla med målsetningane i strategiplanen.

Tilstandsrapporten gjev i sin tur skuleeigar indikasjon på korleis me ligg an for å nå måla i planverka. I tilstandsrapporten blir det m.a. vist til resultat på nasjonale prøvar, elevundersøkinga, og gjennomføringsgraden i vidaregåande skule. Det er eit felles ansvar å følgja med på elevane si læring. Det er vårt ønskje å spela på lag med skuleeigar – for det er lagarbeid å utvikla gode skular i Vindafjord.



# VISJON OG SLAGORD FOR BARNEHAGE OG SKULE

## VISJON

«Barnehage og skule skal saman gi alle elevar eit læringsløp der kvart einskild barn får oppfylt sitt fulle faglege potensial og blir eit trygt, aktivt og sjølvstendig menneske.»

## SLAGORD

«Saman for læring - læring for livet»

# FELLES HALDNINGAR OG VERDIAR I BARNEHAGE OG SKULE

Skulane tek vare på god undervisningspraksis, men arbeider og for å utvikla praksis, m.a. gjennom forskingsbasert skuleutvikling. Rektor er leiar og pådrivar av all skuleutvikling på skulen.

Hovudfokus for arbeid med skuleutvikling er, og skal alltid vera, eleven sitt læringsutbytte.

Elevar og føresette i Vindafjord opplever ein skule der dei blir møtt med openheit, tillit og respekt.  
Vurdering for læring er knytt til all opplæring, også spesialundervisning.

- Barnehage og skule skal gi barna ei fagleg utvikling som tek utgangspunkt i deira føresetnader, og dei skal oppleva læringstrykk og meistring.
- Barnehage og skule skal vere trygge og ivaretakande, der barna lærer om og utviklar sosial og emosjonell dugleik og demokratisk kompetanse.
- Avgangselevar skal ha motivasjon og kompetanse som gjer dei i stand til å gjennomføra vidaregåande skule og å delta i samfunnet.
- Pedagogisk utviklingsarbeid har nyare forsking som rettesnor.
- Samhandling mellom barnehage/skule og PPT legg vekt på organisasjons- og kompetanseutvikling.

# VINDAFJORDSKULEN I FRAMTIDA

«Ludviksenutvalet» - eit utval leia av prof. Sten Ludviksen - har gjort eit betydeleg arbeid for å adressera kva skule ein vil ha bruk for i framtida. Utvalet har produsert to NOU utgreiingar: NOU 2014:7 «Elevenes læring i fremtidens skole» og NOU 2015:8 «Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser»



Hovudspørsmåla ein ønsker å få svar på i utredningane er:

- Kva type kompetansar vil vera viktige for elevane i skulen, i vidare utdanning og yrkesliv og som ansvarlege samfunnsborgarar?
- Kva endringar må gjerast i faga for at elevane skal utvikla desse kompetansane?
- Kva vil krevjast av de ulike aktørane i grunnopplæringa for at fornysa fag skal føre til god læring for elevane?


## ELEVEN SIN KOMPETANSE

I læreplanen er kompetanse definert som *evna ein har til å løysa oppgåver og meistra komplekse utfordringar*. Elevane viser sin kompetanse i kronkrete situasjonar ved å bruka kunnskapar og ferdigheter til å løysa oppgåver.

Tekstane i læreplanverket om formål, hovudområde og dei grunnleggjande dugleikane gir bakgrunn for å forstå kompetansemåla og kva som skal utgjera samla kompetanse i eit fag.

Generell del og prinsippa for opplæringa set kompetansen inn i ein fagleg samanheng.

Plansjen under er ein god illustrasjon på kva utvalet meiner at vil krevjast av elevane i framtida, og me ser at heile mennesket – ikkje bare faga (den kognitive kompetanse) - er vektlagt her. Eleven må ha det bra for å ha føresetnader for eit godt læringsutbytte, seier Ludviksen.



### Kommentar

Sosiale og emosjonelle kompetansar:

Det er stor grad av trivsel hos oss. Det blir arbeidd godt med å handtera kjensler og samarbeida med andre. Det kan arbeidast meir systematisk med å få elevane motiverte og uthaldande for å oppnå mål.

Kognitive kompetansar:

Her har me nok ein veg å gå enda, men satsinga *Vurdering for læring* medfører positive endringar i klasserommet. Nasjonale prøvar viser at me har for få elevar på høgaste nivå, noko som kan tyda på at for få kjem vidare frå å gjengi til å kunne tolka, trekka ut og reflektera kunnskap.

### **DJUPNELÆRING OG PROGRESJON**

Når det gjeld fornying i faga seier utvalet at meir vekt må leggjast på djupnelæring og progresjon.

I det ligg det kritikk av dagens system: Ein «dveler» ikkje lenge nok med fagstoffet – derfor går det i gløymeboka.

I USA har dei t.d. 65 emne å gå igjennom på 8. trinn, i Japan har dei 5...og Noreg ligg nok oftast nærmare USA enn Japan.

Forsking viser at det å gå i djupna og arbeida over tid med eit emne har langt større effekt på læring enn å raska på for å bli ferdig med «alt». For å utvikla ei god normativ forståing treng ein minst 8 vekkers arbeid, fortel studia – det medfører ein ny måte å tenkja undervisning på.

Læreplanane våre har svært mange kompetansemål som elevane og lærarane skal forholda seg til – og Ludviksenutvalet føreslår å redusera talet på kompetansemål, og at ein har tydelegare progresjon mellom trinna.

Vidare må det vera eit godt samspel mellom læreplanar og rettleiings-ressursane elevane nyttar, og rettleiinga må visa tydeleg kva progresjon eleven skal ha.

### Kommentar

Lærarane må arbeida etter dei til ei kvar tid vedtekne mål for opplæringa. Det skal bli spanande å sjå om tankane frå Ludviksenutvalet blir sett ut i praksis når læreplanane skal reviderast.

## **UNDERVISNSPRAKSIS OG VURDERNSPRAKSIS**

Utvalet si meining om kva som må til på lærarsida er følgjande:

- Langsiktig satsing på lærarane sin kompetanse
- Samarbeid og profesjonsutvikling i kollegiet
- Praksis basert på forsking
- Vurdering som fremmar læring

### Kommentar

Her er me på god veg i planperioden. Regjeringa satsar på å auka lærarane sin kompetanse gjennom satsinga på vidareutdanning gjennom «Kompetanse for kvalitet». Dette er ei dyr satsing for kommunane, og me har som mål å utdanna to lærarar i året med inntil 30 studiepoeng.

Dei tre satsingsområda som denne planen omhandlar må halda fram over tid om det skal ha den effekten me ynskjer i klasseromma.

Dei 3 siste punkta er me i gang med gjennom satsinga på *Vurdering for læring og Ungdomstrinn i utvikling*.

## **Å SKAPA ENDRING**

Utvalet meiner at dersom ein vil ha ei endring i skulen er det avgjerande at ein har ein heilskapleg strategi for å setja det ut i livet (implementera). Nye prosedyrar må introduserast og trenast på – og det krev mykje tid og innsats.

Utviklingsarbeid og vidareutvikling må alltid ha kunnskap og forsking som grunnlag.

Vidare seier Ludviksen at endringane må koma frå profesjonen sjølv – der forsking ser behovet, og ikkje frå dei utanfor (og då tenkjer han nok – med all respekt – på politikken).

Dersom ein ønskjer meir profesjonelle utøvarar i skulen, må ein ikkje samstundes detaljregulera kva lærarane skal gjera, seier han.

### Kommentar

Me er opptekne av at *Vurdering for læring* skal slå rot i organisasjonen, og vil at dette satsingsområdet skal halda fram langt ut over prosjektperioden. På Tjødnalio skule på Stord har dei halde på i 8 år, og me såg at alle i skulen praktiserte dette og hadde gjort det til sitt eige. Elles vonar me – som før sagt – at lokale politikarar vil sjå på strategipanen som utgangspunkt for kva ein vel av satsingar i økonomiplanen.

Vindafjord kommune har ikkje metodetvang, og det er me glade for. Det betyr at me tek vare på god praksis – men at me stadig vil opna for å implementera ny kunnskap om undervisningsmetodar.

## **SKULELEIAREN**

Det er inga overrasking at utvalet og ser på skuleleiaren sin rolle for endring i skulen som særsviktig. Utvalet ønskjer seg leiarar som er dyktige og engasjerte som pedagogiske leiararar av utviklingsarbeid og nærværande i forhold til det som går føre seg i klasserommet.

Skuleleiaren må praktisera distribuert leiing.

Ein god skuleleiar er oppteken av å få til ny praksis i klasserommet og arbeider for god læringskultur på skulen.

Skuleleiaren må og kunne uttrykka visjonar om elevane sitt utbytte og vita korleis ein arbeider for å nå desse måla.

### Kommentar

Skuleleiarar i Vindafjord er opptekne av skuleutvikling. Alle skuleleiarar praktiserer «skulevandring» (besøk i klasseromma der dei ser etter på førehånd avtala pedagogikk – og har samtaler med lærar i etterkant). Alle skuleleiarar er leiarar av skuleutviklingsprosjekta, og alle praktiserer leiarprinsippa for relasjonsleiing.

## **DIGITALE MEDIA OG DEMOKRATISK KOMPETANSE**

Fokus i framtida sin skule vil vera på korleis ein tileignar seg kunnskap – ikkje korleis ein produserer den, seier Ludviksen. Bruk av digitale verktøy vil i stadig større grad blir nytta for tilgang på kunnskap. Å kunne ha eit reflektert og kritisk forhold til digitale media er og naudsynt for å kunne delta som ein aktør i demokratiet.

Kompetanse for demokratisk deltaking er noko meir enn kunnskap om demokratiet.

### Kommentar

Dei 3 ungdomsskulane er med i eit pilotprosjekt om bruk av iPad i klasserommet. Firmaet RIKT er valt som pedagogisk samarbeidspartner, og skal stå for implementeringa og opplæringa. Ein klasse på mellomtrinnet er valt ut og kvar elev får iPad som sitt personlege verktøy. Fokus er ikkje på sjølve nettrettet og programma/ «appane» på den, men på undervisningsopplegga. RIKT sine undervisningsopplegg byggjer på prinsippa i *Vurdering for læring*.

Me vil drøfta dette med «Demokratisk deltaking» - kva ligg i omgrepene, kva gjer me i dag – og korleis kan me forbetra praksis?

## **MÅL I PLANPERIODEN**

Å endra praksis heilt inn i klasserommet slik at ny kunnskap kjem elevane til gode – og slik at betringane set varige spor, er ikkje fort gjort.

For å få til endring som kjem elevane til gode i form av betre undervisning, må ein ha felles fokus og evne og vilje til å prøva ut nye lærings- og undervisningsformer i praksis.

Høg kvalitet på opplæringa krev høgt pedagogisk medvit, god systematikk og tett oppfølging av eleven. Grunnprinsippa er:

- Eleven skal læra i tråd med måla som er fastsette i læreplanen.
- Eleven skal utvikla seg som person.
- Eleven skal oppleva å vera og medverka i eit sosialt fellesskap.

### Læringsutbytte

Hovudmålet er å auka elevane sitt læringsutbytte.

Auka grad av elevinvolvering og ein meir praktisk retta undervisning er sett på som viktige verkemiddel. Dei fire prinsippa for «Vurdering for læring» skal gjelda all undervisning. Dei er:

- Elevane forstår kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
- Elevane får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
- Elevane får råd om korleis dei kan forbetra seg.
- Elevane er involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdera eige arbeid og utvikling.

### Kompetanse

- Halda fram med det gode arbeidet med sosial og emosjonell kompetanse, og ha høg score på elevundersøkinga og trivselsundersøkinga.
- Auka elevane sitt utbytte på nasjonale prøvar slik at fleire elevar scorar på høgste nivå.
- Auka fokus på demokratisk kompetanse.

### Samhandling

- Mellom lærarane ved å bruka lærande nettverk.
- Rektor praktiserer skulevandring
- Rektormøtet har dialog om skuleutvikling
- Personalmøta har dialog om skuleutvikling
- Skulane arbeider saman om lokale læreplanar i faga
- Rektor praktisere distribuert leiing og relasjonsleiing

- Alle tilsette har endringsvilje
- PPT og skuleeigar er samarbeidspartnarar i skulane sitt utviklingsarbeid.
- PPT er ein viktig samarbeidspartner for å styrka lærarane sin kompetanse.

#### Forskningsbasert praksis

- Endring av praksis har fokus på kva som virkar.
- Lærarane nytta vurdering for læring i sitt daglege arbeid.
- Lærarane på ungdomsskulen praktiserer rekning i alle fag, og har fokus på at undervisninga skal vera praktisk, variert og relevant.

## TILTAK I PLANPERIODEN

Tiltaka for å nå måla skjer i det daglege arbeidet i klasseromma, og i samspel med andre lærarar. Tiltaka og satsingane må opplevast nyttige for lærarane og arbeidet deira.

## 4 SATSINGSSOMRÅDE

Vurdering for læring ( VFL ) er ei statleg initiert satsing og involverer alle skulane i kommunen.

Ungdomstrinn i utvikling ( UIU ) er ei vidareutvikling av ei statleg initiert satsing for ungdomsskulane som har halde på i ei årrekkje. Alle lærarar i ungdomsskulane deltek.

Haugalandsløftet er ei interkommunal satsing for å betre tilpassa undervisninga slik at fleire elevar kan delta i det ordinære tilbodet.

Leseplan for Vindafjordskulen Den 24.2.16 vedtok rektorgruppa å setja ned ei breitt samansett arbeidsgruppe bestående av lærarar, rektorer og PPT for å laga ei forpliktande plan for leseopplæring i Vindafjordskulen.

Tabellen under viser prosjekta sin formelle start og slutt

2015	Januar 2015 Start VFL	April 2015 Gjennomføring av ståstadanalysen	August 2015 Evaluering av Ståstadanalysen	August 2015 Start UIU
2016	Mars 2016 Start arbeid med Leseplan	Juni 2016 Sluttrapport VFL	Desember 2016 Ferdig leseplan	
2017	Januar – Juni Førebuing til bruk av leseplan	Februar 2017 Sluttrapport UIU	Juni 2017 Sluttrapport Haugalandsløftet	August 2017 Alle nytta ny leseplan ved oppstart

## «VURDERING FOR LÆRING» (VFL) OG «UNGDOMSTRINN I UTVIKLING» (UIU)

Vurdering for læring er gjennomgangstema for begge skuleutviklingsprosjekta og omfattar alle lærarar.

Elevane si læring er kjernen i arbeidet med VFL.


- Handlar om at informasjon om elevane sin kompetanse og utvikling blir brukt i planlegging og gjennomføring av opplæringa.
- Krev at lærarane systematisk innhentar og brukar informasjon med det formålet å sjå
  - kor elevane er i læringsarbeidet
  - kor dei skal
  - korleis dei på best mogeleg måte kan nå måla

VFL byggjer på 4 prinsipp for læringsarbeidet:

1. Elevane forstår kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
2. Elevane får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
3. Elevane får råd om korleis dei kan forbetra seg.
4. Elevane er involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdera eige arbeid og utvikling.

Vurdering for læring omfattar mange viktige område: Korleis ein oppfører seg som klasseleiarar, kva syn ein har på læring, kva syn ein har på elevane, korleis ein samhandlar og kva oppgåve rektor har som leiar og pådrivar av arbeidet. Vurdering for læring viser igjen i klasserommet og blir opplevd som nytig og utviklande for kvar einskild og for fellesskapet.

Modellen viser innhald og arbeidsform i VFL og UIU



## ORGANISASJONSLÆRING

Skuleutviklingsprosjekta «Vurdering for læring» og «Ungdomstrinn i utvikling» har som mål å få til kollektiv tenking og praksis. Forsking viser at ein organisasjon som arbeider med utvikling i eit medskapande fellesskap får best effekt når det gjeld forhold endring. God planlegging og organisering er ein føresetnad. Me organiserer arbeidet i nettverk og etter bestemte modellar for samspel.

Me går ikkje inn på dei ulike modellane her, men metoden kan illustrerast i Torbjørn Lund sin modell for lærande nettverk



## GRUNNLEGGJANDE DUGLEIKAR

Det faglege arbeidet i skulen er innhaldsrikt, men viktigast av alt er at elevane blir stødige i basisdugleikane.

Dei grunnleggjande dugleikane er lesing, skriving, rekning, sosial kompetanse og digital kompetanse.

Basisdugleikane er integrert i alle fag, men på det einskilde faget sine premissar. Korleis ein skal arbeida med lesing, skriving og rekning i dei andre faga går fram av læreplanen for faget.

Ungdomstrinna satsar på rekning som grunnleggjande dugleik i alle fag, og alle lærarane i desse skulane vil bli involvert i arbeidet.

## PRAKTIK TILRETTELEGGING

Arbeidet med lærande nettverk er praktisk organisert med nettverk for ressurslærarar, rektornettverk, lærarnettverk og fellessamlingar. Det er tilsett ein ressurslærar for Vurdering for læring og det er 3 ressurslærarar (ein på kvar skule med ungdomstrinn) for ungdomsskulesatsinga. Alle skular deltek.

Ressurslærarar og deltakarar får og opplæring frå eksterne aktørar. Høgskulen Stord Haugesund og Universitetet i Stavanger er representert frå høgskulesektoren. Ressurspersonane reiser på samlingar arrangert av Utdanningsdirektoratet.

Elles skaffar me inn førelesarar som kan gi gode praksiseksempler, og me samlar alle lærarane til dette. Rektor er hovudansvarleg for å planleggja og gjennomføra det vidare arbeidet på skulen.

## VERKTØY FOR ANALYSE OG OPPFØLGING AV RESULTAT

For å bli betre må ein vite kor ein står. Når ein veit kor ein står, kan ein utarbeida mål for vidare arbeid. Det eksisterer mange verktøy for å undersøka fagleg, pedagogisk og sosial ståstad.

Me nyttar desse verktøya:

Nasjonale prøvar

Karleggingsprøvar

Skjema for sosial kompetanse

## «HAUGALANDSLØFTET»

Haugalandsløftet er eit interkommunalt prosjekt som samlar 10 kommunar på Haugalandet. Satsinga skal føra til at barn og unge får utnytta ressursane sine og bli godt integrerte i det ordinære opplegget i barnehage og skule. Det er brukt ein god del tid på å kartleggja kva område skule, barnehage og PP-tenesta har behov for kompetanse.

Desse områda er prioritert:

- Rettleiing
- Pedagogisk leiing
- Relasjonskompetanse
- Kartlegging og observasjon av barn og oppfølging med riktige tiltak
- Danningsomgrepet
- Analyse- og vurderingskompetanse
- Strategisk planlegging
- Endrings og innovasjonskompetanse
- Psykisk helse og rusførebyggande arbeid

## KJENNETEIKN PÅ MÅLOPPNÅING I HAUGALANDSLØFTET

- a. Fleire barn får hjelp i det ordinære. Barnehage/skule ser foreldre som ressurs i all opplæring. Talet på barn/elevar med vedtak om spesialundervisning går ned i % og ressursane vert omfordelte til tilpassa opplæring. Opplæringa i 1. - 4.klasse er prioritert med ressursar og elevar på ungdomsskulen får i hovudsak tilpassa opplæring utan spesialpedagogisk vedtak.
- b. Skulen følgjer opp «Elevundersøkinga». Barnehage/skule brukar systematisk kartlegging, analyserer resultat og set inn målretta tiltak. Kartleggingar vert analyserte av pedagogar og leiing. Tiltak gjennom tilpassa opplæring vert sett inn. Tiltakslogg vert skriven og lagra i elevmappa (juni). Systematisk evaluering av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.
- c. «Tilstandsrapporten» vert drøfta og analysert.
- d. Kommunen har skriftleg system for tverrfagleg samhandling.
- e. Dei tilsette brukar vedtekne kartleggingar, rutinar før tilvising og handlingsrettleiarar.
- f. Fagfolk har implementert kartleggingsverktøy og handlingsrettleiarar for «Barn i rusfamiliar» og «Problematisk skulefråvær»
- g. Dei tilsette i kommunen brukar etter- og vidareutdanningstilbod i HSH og er aktivt med å påverkar utviklinga av studietilbod.
- h. Kommunal kompetanse vert utvikla gjennom målretta fagleg leiing. Ein brukar etter- og vidareutdanning, minikurs og nettverksmøte for å byggja naudsynt kompetanse.
- i. Kommunen etterspør og finn oversikt over kor mange som gjennomfører vidaregåande opplæring og tek dette med som del av «Tilstandsrapporten».

## LESEPLAN FOR VINDAFJORDSKULEN

Arbeidet med å laga ei forpliktande leseplan for skulane i Vindafjord startar i mars 2016. I første omgang vil planen gjelda for 1.-4. trinn. Haugesund kommune har alt laga ein slik plan, og me vil byggja vår plan på same leid. Representantar frå Haugesund kommune vil hjelpe oss til å koma i gong med arbeidet. Gruppa som skal arbeida med planen vil bli sett saman av personar med kompetanse

innan feltet og innfatta leiarar og tilsette i skule og PPT. Målet er at planen skal bli ferdig før utgangen av 2016.

#### Kommentar

Eleven sin lesedugleik er kanskje den viktigaste faktoren for at eleven skal få «*eit læringsløp der kvar einskild får oppfylt sitt fulle faglege potensial*». Lesedugleik er like viktig i alle fag, og det har vore satsa på lesing i alle skular i Vindafjord i mange år gjennom nettverkssamlingar og kurs.

Satsinga har blitt styrt som eit lokalt utviklingsprosjekt på kvar skule, og nå ønskjer me å samla oss om ein felles forpliktande kvalitativ praksis. Me har tru på at felles praksis og felles forståing innan fagfeltet vil vera eit steg i riktig retning for å betra elevane sin lesedugleik.

## **ETTERORD**

All forsking og praksis tilseier at satsingsområde må haldast «varme» over lang tid om ein ikkje skal falla tilbake til det ein alltid har gjort. Me ønskjer at skuleutviklingsprosjekta skal føra til endring av praksis og få konsekvens for arbeidet med eleven. Alle aktørar som deltek i skuleutviklingsprosjekta er difor samde om at arbeidet ikkje må stoppa opp når den offisielle utviklingsperioden er over.

Haugalandsløftet og dei to statlege satsingane adresserer viktige og nyttige moment som me vil satsa vidare på til det «sit i ryggmargen». Dette betyr og at me og må seia nei til nye prosjekt som ikkje direkte gir synergi/supplement i perioden fram til 2020.

Eit godt supplement vil t.d. vera å læra meir om og øva på god klasseleiing, å arbeida med kollegabasert vegleiing, at rektor driv «skulevandring» og å arbeida med felles læreplanar for faga. Skuleeigar vil og auka sitt nærvær i skulen i form av halvårlege samtalar med skuleleiarane.

Forskinga viser at det som gjev best utteljing på elevprestasjonar over tid, er det produktive samspelet mellom lærar og elev og den kontinuerlege vurderinga læraren gjev som ein integrert del av vanleg undervisning.

I ein slik «læringsdialog» er elevane aktive deltakarar og dei opplever læraren som ein konstruktiv medspelar.

Læraren er «trenar» heilt fram til eleven får sluttvurdering og går ut av skulen, vil mange hevda.

Ein god trenar ser og rettleiar alle og sørger for at alle får ballføeling på bana - for trenaren veit at aktive spelarar lærer mest og trivest best. Slik er det og i klasserommet.

Ein god lærar legg opp til variert undervisning for å skapa dialog og elevinvolvering.

Temaarbeid, gruppearbeid og diskusjonar er velkjente verkemiddel – men hugs dei 4 prinssippa for VFL – og at undervisninga skal byggja på kompetanseområla i Kunnskapsløftet.

(Arbeidsgruppa: Planen er utarbeida av 3 rektorer og rådgjevar skule.  
Gruppa blei seinare utvida til å omfatta leiar PPT og rådgjevar barnehage.

Planen har vore på høyring, og i OPOM som referatsak.  
Planen blei vedtatt av kommunalsjef i november 2015.)